

Søknad

| | | | | | |
|----------------------|--|------------------|------|-----------------|--------|
| Søknadsnr. | 2016-0009 | Søknadsår | 2016 | Arkivsak | 16/460 |
| Støtteordning | Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016 | | | | |
| Prosjektnavn | Vandring og verdiskaping i Verdsarvparken. | | | | |

Kort beskrivelse

Verdsarvparken skal i lag med friviljuge lag og organisasjonar (turlaga), repr. for grunneigarar og næringsverksemder, verneområdeforvaltning, resemålsselskapet Visit Sogenbfjord og nyoppretta arbeids- og styringsgruppe for Aurlandsdalen gjennomføre eit 3-årig prosjekt med mål om auka vandring og verdiskaping i Verdsarvparken generelt og i Aurlandsdalen spesielt.

Merk at Verdsarvparken søker om tilsaman kr 450 000,- fordelt på 3 år.

Prosjektbeskrivelse

Nærare omtale av Verdsarvparken og Verdsarvparken sine langsiktige målsetjingar og satsingar går fram av nettsida vår eller vedlegg til denne søknaden.

Dette delprosjektet har som siktemål å:

1. Fremje/ planlegge/organisere og sikre gjennomføring av koordinerte/ prioriterte tiltak og aktivitetar knytt til vedlikehald/ istandsetjing/ rydding og skilting (pilskilt/ infotavler) av turveggar og etablering av dørheller (infallsportar) i Verdsarvparken generelt og Aurlandsdalen spesielt.
2. Vere pådrivar og støtte for auka marknadsføring, utvikling/bruk og verdiskaping knytt til vandring.
3. Ta hand om/ koordinere akutte tiltak i Aurlandsdalen knytt til ras/ steinsprang.
4. Ivareta sekretær-/ koordinatorfunksjonen for arbeids- og styringsgruppa for Aurlandsdalen samt sikre samhandling mellom lag/ organisasjonar, reiselivsverksemder og resemålsselskap i Parkregionen.

Prosjektet vil ha som mål, utover satsinga i Aurlandsdalen, å utbetre/ tilrettelegge/ foredle og tydeleg marknadsføre min. 3 lengre turveggar i kvar av Parkkommunane. Kjelda for prioritering vil vere turboka "Opptur Nærøyfjorden".

Kontaktopplysninger

| Funksjon | Navn | Adresse/poststed | Mobil |
|---------------------------------|--|---|----------|
| Søker / Prosjekteier | Nærøyfjorden Verdsarvpark Org.nr:992413999 | Heradshuset Helabrotet 2A 5745 AURLAND | 95172595 |
| Kontakt- | Dagleg leiar Erling | Heradshuset Helabrotet 2A | 95172595 |

| Funksjon | Navn | Adresse/poststed | Mobil |
|--------------------|---|---|-------|
| person | Oppheim | 5745 AURLAND | |
| Prosjekt- leder | Prosjektleder tilsett i Verdsarvparken | Heradshuset Helabrotet 2A 5745 AURLAND | - |

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

1. Tilskot over VSP for lokale og regionale Parkar.
2. Infrastrukturmidlar reiseliv (Brekkestien i Flåm)
3. Tilskot til verdiskaping basert på naturarven. (Miljødirektoratet)
4. Tilskot til gjennomføring av landskapskartlegging - og analyse i Vestnorsk fjordlandskap.

Spesifikasjon**Bakgrunn**

Nærøyfjorden Verdsarvpark (www.naroyfjorden.no) er etablert som verdsarvkommunane Aurland, Vik, Voss og Lærdal samt og Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt verktøy for ei natur- og kulturbasert nærings- og samfunnsutvikling i samsvar med verdsarv kvalitetane og – status. Nærare omtale av Verdsarvparken og Parken sine langsiktige satsingar går fram av Parkplan og revidert infobrosjyre. Nyleg godkjent handlingsplan synleggjer kva tiltak/ prosjekt/ aktivitetar som er prioritert for gjennomføring i 2016. Desse dokumenta ligg ved denne søknaden.

Aurlandsdalen er virkelig ein av juvelane i regionen som no mange meiner har hamna litt i skuggen av eit for ein-sidedig fokus på cruise-/ gjennomfartsturismen. Fleire aktørar lokalt har over tid fremja ynskje om ei tyngre og meir målretta/ heilskapeleg satsing på verdiskaping med bakgrunn i kvalitetane til og potensiale i og kring dalen.

Hausten 2013 vart det difor sett i gang ein prosess leia av eit eige interimstyre med repr. for ECO Energi, Aurland kommune, venner av Aurlandsdalen samt repr. for ulike verksemdar som hadde til føremål å sjå på både ny organisering av og innhald i ei meir operativ og samla satsing på Aurlandsdalen. Interimstyret drøfta undervegs ma. oppretting av ei eiga stifting .

Initiativet knytt til auka innsats i Aurlandsdalen er samanfallande med Verdsarvparken sitt føremål/oppdrag og den pågåande satsinga/ arbeidet knytt til utbetring, tilrettelegging, skilting, merking av turstiar og vandringsvegar. Etter innspel frå Verdsarvparken om å nytte etablerte organisasjonar framfor å opprette fleire med parallelle føremål, landa interimstyret for "Nye Aurlandsdalen" til slutt på at at ei felles satsing med fotfeste i Parken ville vere mest tenleg med omsyn til både ressursar og kompetanse.

Med dette som grunnlag vert det no rigga eit 3-årig prosjekt som skal auka samhandlinga, aktiviteten og verdiskapinga knytt til vandring i Verdsarvparken.

Med Verdsarvparken som organisatorisk plattform er det ei klar målsetjing at prosjektet "Nye Aurlandsdalen" skal etablerast som ei eiga delsetjing under hovudsatsingsområdet "Skape næring og kultur" med tilhøyrande eiga arbeidsgruppe/ styringsgruppe.

Prosjektet vert leia av ein eigen ressursperson/ ranger tilsett i Parken som ma. vil hjelpe fram/ støtte, koordinere og sikre gjennomføring av prioriterte tiltak. Rangeren vil vere prosjektet sin kontakt mot reiselivsverksemder/ reisemålsselskap.

Prosjekt mål

1. Betre koordinering/ prioritering av innsats/ tiltak og bruk av ressursar.
2. Auka synlegjering og marknadsføring av eit sett med utbetra / kvalitetessikra turveggar/ vandreruter.

Det vert lagt ned ein stor innsats/ myke godt arbeid frå mange lag og organisasjonar/ enkeltpersonar. Gjennom betre koordinering og samhandlig mellom aktørane er det eit mål om at den enkeltvise innsatsen vert skrudd saman til meir heilskapelege vandreprodukt i Verdsarvparken - både som grunnlag for flotte opplevingar for gjester og busette og verdiskaping for lokale reiselivsverksemder.

Forankring

Vi syner til følgjande :

1. Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane 2014-2025:
[http://verdiskapingsplanen.no/handlingsplan/8-reiseliv/8-3-hovudaktivitet-med-milepaelar /](http://verdiskapingsplanen.no/handlingsplan/8-reiseliv/8-3-hovudaktivitet-med-milepaelar/)
2. Reiselivsplan Sogn og Fjordane 2010-2025, pkt. 5.2.
3. Parkplanen for Nærøyfjorden Verdsarvpark.
(Styringsdokumentet Parkplanen som dette prosjektet spring ut av er vedteke av parkstyret)
4. Aurland kommune sin kommunedelplan for næring (K-sak 045/14) , Handlingsprogram for 2014-2017.

Prosjektorganisering

Prosjekteigar vil vere Nærøyfjorden Verdsarvpark ved daglege leiar.

Prosjektleiing vert ivareteken av ein eigen personressurs / ranger tilsett i Verdsarvparken.

Det vert vidare etablert ei eiga arbeids- og styringsgruppe for Aurlandsdalen med følgjande samansetnad:

- 1 medlem repr. Vener av Aurlandsdalen
- 1 medlem repr. verksemder / næringsaktørar knytt til dalen.
- 1 medlem repr. grunneigarar
- 1 medlem repr. Visit Sognerfjord

Gruppa vil ha følgjande føremål:

Ivareta og sikre eit breitt engasjement kring ivaretaking og utvikling av verdiane og aktivitetane i dalen.

- Ansvarleggjere og sikre eigarskap til gjennomføring av prioriterte tiltak og aktivitetar.
- Motivere og inspirere til innsats og deltaking.

Styringsgruppa sitt mandat vil vere å fremje samt ta stilling til kva for tiltak og aktivitetar som vert prioritert for gjennomføring. Tiltaksplanen vert og grunnlag for søknader om finansiering.

Elles i Parkregionen vil prosjektleiaren/ranger ivareta/ sikre samhandling og koordinering av tiltak/ gjennomføring i nært samarbeid med turlaga, grende- og bygdelaga og Visit Sognefjord AS.

Samarbeidspartnere

1. Grunneigarar
2. Friviljuge lag- og organisasjonar (Bygde- og grendalag, Venner av Aurlandsdalen)
3. Turlaga i verdsarvkommunane.
4. Visit Sognefjord.
5. Verneområdeforvaltning
6. Lokale næringsverksemder/ parkpartnarar.
7. ECO Energi AS (Aurlandsdalen)
8. DNT.

Aktiviteter

Årleg arbeidsplan

November – medio mars: Møte med styringsgrupper/ arbeidsgrupper/ turlag, planlegging/ ging/ organisering av neste feltsesong, evaluering/ rapportering/ søknader om finansiering, tinging av materiell mv.

- Medio mars/ april – oktober: Feltarbeid, gjennomføring av tiltak og aktivitetar i samarbeid med lag/ organisasjonar og friviljuge krefter. (Tidlig vår vil feltarbeidet føregå i låglandet i heile Parkregionen)

Målgrupper

Gjester til og busette i Parkregionen.

Resultat

1. Godt tilrettelagt og skilta turevegar, betre og tryggare tilkomst for turgåarar.
2. Redusert negative effekt på landskap/ beite/ beitande dyr som fylgje av ferdslø/ vandring.
3. Medverka til ei kvalitativ god turoppleving/ god besøksforvaltning.
4. Styrke driftsgrunnlaget for lokale reiselivsverksemder.

Effekter

1. Auka tilbod av godt tilrettelagde tur- og vandringsvegar - auka fordeling/ spreining av gjester.
2. Grunnlag for auka tilbod av natur- og kulturbaserte opplevingsprodukt-/ aktivitetar.
3. Auka marknadsføring/ synleggjering.
2. Betre oppleving for turgåarane/ vandrarane - legge til rette for bruk av meir tid i Verdsarvparken.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Sjå oppl. om arbeidsplan/ årshjul under pkt. om aktivitetar.

Kostnadsplan

| Tittel | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | SUM |
|--------|------|------|------|------|------|-----|
|--------|------|------|------|------|------|-----|

| | | | | |
|---|----------------|----------------|----------------|------------------|
| Prosjektleiing - koordinering/ gjennomf. | 400 000 | 500 000 | 500 000 | 1 400 000 |
| Utb./ istandsetj. vegar og bruer, rydding/skjøts. | 150 000 | 100 000 | 150 000 | 400 000 |
| Utv/ oppsett av skilt/ infotavler, etab. info.pkt. | 150 000 | 150 000 | 150 000 | 450 000 |
| Sum kostnad | 700 000 | 750 000 | 800 000 | 2 250 000 |

Finansieringsplan

| Tittel | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | SUM |
|---|----------------|----------------|----------------|------|------|------------------|
| Aurland kommune | 150 000 | 150 000 | 150 000 | | | 450 000 |
| Dugnad/ eigeninnsats | 50 000 | 75 000 | 75 000 | | | 200 000 |
| E-CO Energi AS | 200 000 | 75 000 | 75 000 | | | 350 000 |
| Gjensidigestiftelsen/ infrastrukturmid. | | 100 000 | 150 000 | | | 250 000 |
| Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016 | 150 000 | 150 000 | 150 000 | | | 450 000 |
| Verdsarvparken/ Miljødirektoratet | 150 000 | 200 000 | 200 000 | | | 550 000 |
| Sum finansiering | 700 000 | 750 000 | 800 000 | | | 2 250 000 |

Midlane frå E-Co Energi AS er øyremarka tiltak, ikkje arbeidsinnsats/ prosjektleiing.

Geografi

1417-Vik, 1421-Aurland, 1422-Lærdal

Vedleggsliste

| Dokumentnavn | Filstørrelse | Dato |
|--------------------------------------|--------------|------------|
| Handlingsplan godkjent pr 130116.pdf | 456 256 | 15.01.2016 |
| NV+Folder_211215_net.pdf | 19 527 175 | 15.01.2016 |
| Parkplan 2014 Endeleg .pdf | 1 227 645 | 14.01.2016 |